



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2242 - 19/7323

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
04.03.2019

Løyve til forlenging av flytebrygge - gbnr 121/43 Knarvik (Lauvåssjøen)

Administrativt vedtak. Saknr: 133/19

Tiltakshavar: Knarvik Nord Båtlag v/ John Gunnar Onarheim
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om utviding av eksisterande av eksisterande flytebrygge med 24 meter lengde og utliggarar på begge sider.

Det vert vist til søknad motteken 03.08.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.02.2019. Frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne datoen pluss den tida det har teke å henta inn tilleggsopplysningar, senda saka på høyring, og venta på vedtak etter Lov om havner og farvann.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Arealføremalet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.

Dispensasjon

Frå arealbruken og byggeforbodet i strandsona vart gjeve av Plan- og miljøutvalet den 21.11.2018 i sak 138/18.

Handsaming etter anna lovverk

Bergen og omland havnevesen har godkjent tiltaket etter Lov om havner og farvann i vedtak datert 19.02.2019

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 03.08.2018

Tilkomst, avkjørsle og parkering, privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale med Lindås kommune, datert 24.04.2017, om innfesting av flytebrygge til kommunal kai. I tillegg er kommunen som grunneigar nabovarsla om tiltaket. Parkeringsbehov på 10 % av talet på båtplassar er dekkja gjennom avtale datert 31.03.2014, med eigarane av fellesareal for gbnr 121/1, 2, 5 og 6.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for utviding av eksisterande flytebrygge på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 03.08.2018, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Knarvik Nord Båtlag ved styret vert godkjent som ansvarleg føretak for plassering og montering av flytebrygge. Laget har dokumentert kompetanse blant styremedlemmane som sannsynleggjer at regelverket vert følgt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag

på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2242

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS
Knarvik Nord Båtlag
v/ John Gunnar Onarheim

Postboks 103 5291
Knarvikgarden 49 5955

VALESTRANDSFOSSEN
LINDÅS

Mottakarar:

Arkoconsult AS
Knarvik Nord Båtlag
v/ John Gunnar Onarheim

Postboks 103 5291
Knarvikgarden 49 5955

VALESTRANDSFOSSEN
LINDÅS